

Dei to siste plassane i årets program er på plass. Og det er ikkje småtteri som vert presentert til slutt. Kvelertak og Tiebreaker kjem for å dele scena med Sivert Høyem, Dumdum Boys, Tønes, Valentourettes, Eva& The Heartmaker, Monica Heldal og Lemaitre.

Tiebreaker

Dette er eit band Festidalen har hatt i kikkerten sidan dei starta i 2011. Og det var inga overrasking at Tiebreaker vann den ettertrakta Vestlandssatsinga på bransjetreffet 100 dagar. Det betyr at dei vertå sjå på mange festivalar i sommar.

Musikken er heilhjerta rock & roll, med tonnevis av energi og nerve. I fjor gjennomførte bandet om lag 100 konsertar i Noreg, ogeit tosfra tal i USA. Bak trommene sit den ekstremt talentfulle halsnøyguten,Pål Gunnar Dale. Resten av bandet kjem frå Odde.

Me veit dei kjem til å begeistra.

Kvelertak

Noregs rockegigant kjem til Festidalen. Dei vert kritikarrost over heile kloden. Og spellemannprisane vert slengt etter dei."Den beste norske debuten gjennom alle tider" kalla Asbjørn Slettemark den første plata. At Dave Grohl (frå Nirvana, Foo Fighters og Queens of the Stoneage) personleg overrekte deira fyrste gullplata, seier noko om anerkjenning over heile verda.

Etter å ha svidd gummi på kryss og tvers, kjem dei til Uskedal . På menyen står deilig galskap,ugler, flamar, jordskjelv og dei tøffaste gutane i klassen. Kvelertak sineshow er kjend for sitt massive og overveldande trykk og engasjement. Musikken er eit fasinerande trekantdrama mellom punk, rock og metall. Det er heftig og herjande, men samstundes inkluderande. Sjølv om dei vert sett på som tunge, så er det få band som kan skilta med same breidde i publikum. Jenter og gitar,kvinner og menn, alle vil ha ein bit av galskapen. Lykkebegrepet er kravstort,men med Kvelertak på plass, brukar me det stolt.

Tekst, foto: Festidalen

Nett: Ola Matti Mathisen